

Heio vel
v/ Lars Espeland
Heio 6
5440 MOSTERHAMN
E-post: lars.espeland@haugnett.no
Mobil: 97 54 48 33

17.03.2022

ABO Plan & Arkitektur Stord AS
Postboks 32
5401 STORD

Merknader til detaljplan for industriområde Serklau i Mosterhamn

På vegne av Heio vel ynskjer eg å koma med nokre innspel til planlagd regulering av industriområdet Serklau i Mosterhamn.

Ut frå vedtaket i Utval for areal og samferdsel den 26.01.2022 og Varsel om oppstart av planarbeid frå ABO Plan & Arkitektur ser me at grensa for det aktuelle området også omfattar store delar av Prestnes. Området Austneshamn og Prestnes er det siste området i Mosterhamn som ikkje er utbygd på noko vis. Det vert nytta som eit tur og rekreasjonsområde gjennom heile året. Sommarstid er Austneshamn òg nytta til bading då her er fleire langgrunne strender og livd frå dei fleste vindretningar. I området er det òg to mykje brukte og godt opparbeidde turløyper. Austnesløypa er nemnd i saksutgreiinga, men det står ingenting om Prestnes. Begge løypene har felles startpunkt, men deler seg like før ein kjem ned til Austneshamn. Bilete 1 og 2 viser Prestnesløypa og som de ser ligg store delar av den innanfor grensa til det planlagde reguleringsområdet. Prestnes sin topografi gjer at heile neset fungerer som eit skjold mot vind frå nord og vest, og er difor hovudgrunnen til at Austneshamn er den lune hamna den er. Dersom ein fjernar skog eller tek ut masse frå Prestnes vil dette øydeleggja heile Austneshamn. I saksframlegget til Utval for areal og samferdsel står det «... I planprosessen vil ein sjå nærare på planen sin verknad på friluftsliv knytt til både land, sjø og strandsone. Planarbeidet skal sikre buffer mot friluftsområda i aust. ...». Slik som grensene er teikna inn no, er ikkje dette teke omsyn til i det heile.

Me er òg uroa over at grensa i sør er trekt heilt opp til tomtegrensa for Heio 28. Dette vil i prinsippet bety at ein kan risikere industri heilt opp til byggefeltet og «inn i hagane våre». Dette kan då ikkje vera tenleg for nokon?

Det at det vert tilrettelagd for industri på Serklau ser me på som positivt for heile kommunen vår, og særskild for mostrabygda. Me er likevel uroa over at det i forslaget til planarbeid ikkje er teke omsyn til korkje bebuarane i Heio byggefelt eller konsekvensane det vil ha for heile Moster dersom ein går inn for å rasere eit av dei siste ikkje utbygde rekreasjonsområda me har i bygda. Difor ynskjer Heio vel å fremje

eit forslag til ny reguleringsgrense for Serklau slik at ein både kan leggje til rette for industri på Serklau og ta vare på området Prestnes/ Austneshamn. På bilete 3 og 4 er det skissert forslag til ny grense for reguleringsområdet.

Dersom det er ynskjeleg, kan underteikna vere med på synfaring i området.

På vegne av Heio vel,

Lars Espeland

Leiar




Bilete 1



Bilete 2



Bilete 3



Bilete 4